

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 35/2007

Møtedato: 20.6.07

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot – støslaget Strø

Alle stølsbrukarane i Strø har gått saman for å få ei styring/tilrettelegging for turisme, og for ta vare på den gamle stølskulturen med gamle tradisjonar som steinmurar, skigard og hus. I denne samanheng søkte dei fjellstyret om tilskot jf sak 25/2006.

Aktuelle tiltak er: rydding av skog og kratt, rette opp steinmurar, setja opp skigardar, setja opp mjølkerampe, parkeringsplass, informasjonstavle, rydde og merke stigar, leggja til rette for betre tilgang til Nestisvatnet.

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt på engasjementet frå støslaget. Fjellstyret har vedteke å satse på eit stølsprosjekt saman med Vestre Slidre kommune. Det er naturleg å utsetja søknaden om tilskot inntil vi kjem i gang med stølsprosjektet og kan få ei samla vurdering av dei ulike tiltaka.

Det er no fremma ein ny søknad som omfattar utviding av parkeringsplass, rastebord, informasjonstavle, mjølkerampe, skilting, veg til Nestisvatnet og do ved Køltjednet. Samla kostnad for tiltaka er ca kr 70.000. Fyrsteprioritet for tiltak er oppføring av do.

I sak 31/07 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Før fjellstyret tek stilling til søknaden vil ein sjå på saka under befarung den 15. juni.

Stølsbrukarane har søkt FBR om tilskot til oppføring av utedoen og har fått tilsegn om tilskot på 50 % av kostnadane.

Fjellstyret såg på saka under befarung saman med stølsbrukarane og Statskog.

Vedtak:

Fjellstyret ser svært positivt på det initiativet som stølsbrukarane i Strø har vist for tilrettelegging på støslaget. Føresetnaden for at fjellstyret skal prioritere tiltak i Strø framfor andre plassar, er at stølsbrukarane bidreg med ein viss eigeninnsats i tiltaka. Fjellstyret ser det som naturleg at utedo, rastebord, informasjonstavle og skilting blir i fjellstyret si eige og at fjellstyret er ansvarleg for vedlikehaldet.

Utgifter til utedo ved Køltjedet utover tilskot frå FBR vil fjellstyret dekke. Plassering skal vera slik som ein var einige om under befarung.

Fjellstyret ynskjer å setja opp eit rastebord av same type som ein har brukt elles i allmenningen. Fjellstyret held materialar til bordet og ein føreset at stølsbrukarane bidreg ved å snikkere bordet.

Skilting skal følgje ny standard som er vedteke for Valdres. Stølsbrukarane kjem med framlegg til skilting og fjellstyret kjøper inn skilt og stolp. Ein føreset at stølsbrukarane bidreg med oppsetting av skilta.

Fjellstyret vil få ei ledig informasjonstavle sannsynlegvis i 2007, seinast i 2008. Denne ynskjer ein å setja opp i Strø. Informasjonstavla har to sider, slik at ein vil kunne ha ei side med informasjon om Strø og ei side med generell informasjon om allmenningen. Ein føreset at stølsbrukarane bidreg med oppsetting av tavla. Informasjon om Strø skal utarbeidast av stølsbrukarane og fjellstyret i samarbeid.

Ved etablering av parkeringsplass bør det etablerast eit samarbeid med stølsvegen for å få eventuell overskotsmasse ved nytt masseuttak nord for stigen til Skardtjednet eller ved grøftereinsk. Kostnadane ved tiltaket vil då kunne reduserast vesentleg, samstundes som dette kan vera til nytte for stølsvegen. Vedlikehald av rasteplassen er det naturleg at stølsvegen overtek ansvaret for og gjer i samband med vanleg vedlikehald av stølsvegen. Stølsbrukarane får ansvar å drøfte dette med styret for stølsvegen.

Fjellstyret løyver kr 7.000 i direkte tilskot til dei ulike tiltaka i tillegg til det fjellstyret dekkar av utgifter til do, rastebord, informasjonstavle og skilting.

Veg ned til Nestisvatnet er fjellstyret i utgangspunktet skeptisk til. På befarung var ikkje stølsbrukarane same om standard på vegen. Før fjellstyret eventuell kan vurdere ein slik søknad må stølsbrukarane

vera samde om ein søknad som inneheld meir detaljert plan med utforming av vegen og plassering i terrenget.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Arne Myhre
Ole Høyne
Statskog